

## Referat

### Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Tysdag 21. juni 2022 kl 19.00

**Til stade:** Svein Inge Bjørkedal, Gerd Nesbø, Kirsten Johanne Friis, Åsmund Rakke, Trude Tenold, Karen Helga Maurstig, Miriam Førde, Kyrre Eikås, Leiv Sølvsberg, Leon Årdal, Marianne Hoff

**Meldt forfall:** Wilhelm Støylen, Siri Brendmo, Janne Karin Støylen, Kari Eikås,

**Sekretær:** Johan Bengtsson

Svein Inge Bjørkedal helsa velkommen og vi tok ein presentasjonsrunde

#### 1. Val av leiar og nestleiar

Styret konstituerer seg sjølv.

Svein Inge gav beskjed om at han ikkje ynskjer fortsette som leiar. Slik det har vore fell mykje administrativt arbeid på leiar. Møtet ynskjer at Svein Inge fortsetter som leiar.

Her er noko av det som kom fram på møtet:

- Organisasjonsarbeid krev god delegering.
- Har ambisjonsnivået vore for høgt?
- Bør kulturrådet yttre seg offentleg i kontroversielle kulturspørsmål?
- Dagleg leiar i Sunnfjord kulturråd – vedtak av årsmøtet å finne finansiering til å tilsette ein person i t. d. 20 % stilling for Sunnfjord kulturråd.
- Viktig sak å arbeide med: gratis husleige for lag og organisasjonar i kommunen.
- Møtefrekvens: eit møte i månaden for heile styret?
- Eit år er kort tid for ein leiar – vegen vidare – viktig å få kontinuitet i arbeidet.

Svein Inge: stiller som leiar under foresetnad:

1. Sunnfjord kulturråd må tilpasse ambisjonsnivået etter resurssane
2. Fleire arbeidsoppgåver skal delegerast til styremedlemmane.

**Vedtak:** Følgjande funksjonærer blei valgt:

Leiar: Svein Inge Bjørkedal

Nestleiar: Kirsten Johanne Friis

Kasserer: Leon Årdal

#### 2. Vegen vidare for Sunnfjord kulturråd

Møtet gjekk igjennom handlingsprogram 2022/2023 vedteke av årsmøtet

- **Samhandling og samarbeid med Sunnfjord kommune.** Det er eit ynskje frå styremedlemmer i Sunnfjord kulturråd om å stå på postlista for Kommunestyret, Formannskapet og samfunn, utval for samfunn, kultur og næring. Johan fekk i oppdrag å undersøke om det er mogleg.
- **Førdehuset som kulturhus.** Må følgast opp.
- **Rekrutteringsarbeid** - Frivillighetsåret 2022 Samarbeid mellom spelemannslaga i Sunnfjord med skuleprosjekt 9. – 10. juni og fellesmarkering 16. juni.
- **Synleggjering av kultur mangfaldet i heile Sunnfjord kommune.** Sponsing av kulturarrangement
- **Finansiering av administrativ stilling, tilsetting og gjennomføring.**

Sparebankstiftinga kan vere samarbeidspart. Med gåvemidlar trengst ikkje motytingar.

Andre samarbeidspartar kan vere Sunnfjord utvikling – arrangementforum som er eit

fora for arrangørar. Dei vil jobbe med å lage ein dreibok for store arrangement. Kven kan

levere tenester til store arrangement dei jobber og med kveldsøkonomien – det som skjer etter kl 17.00.

Søknad til sparebankstiftinga må leverast innan 1. september. Leon, Kirsten, Gerd og Åsmund blei valgt til å jobbe vidare med saka innan utgangen av Juli.

- **Etablering av Vestland kulturråd.** Her er Bergen amatørkulturråd og Askøy kulturråd sentrale. Dei har etablert eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune. Sunnfjord kulturråd er viktige inn i det arbeidet og Vestland kulturråd kan bli viktig for oss å vere med i..

### **3. Gjennomgang av prosjekt/tiltak i SKR og ev. fordeling av ansvar i styret**

- Frivilligkonferansen 16 – 17. september i Førdehuset. Invitere program, invitere lokale lag, Invitere Enivest, bilhandlarar, Arendalprosjektet, Her er det praktisk arbeid. Laga programmet, ringe rundt til foredragshaldarar, samarbeid med idrettsrådet, Vi har lokale, vi har pengane. Svein Inge sender forespørsel til Frivilligsentralen ved Kari Valle.

Kirsten Johanne Friis kan vere med og jobbe med konferansen. Forslag om Siri Brendmo i tillegg. Førdefestivalen bør inviterast. Går vi mot individualisering i frivilligheita? Relevant å ta opp på konferansen. Kinn – Kinnaspelen har mykje å komme med når det gjeld frivillighet og rekruttering. Gustav Johan Nydal er styreleiar for Kinnaspelen.

#### **Tema for konferansen:**

- Rekruttering og formidling
- Samarbeid mellom offentleg og privat næringsliv

### **4. Avtale neste møte i august**

Onsdag 17. august kl 19.00 Styremøte i Sakralrommet, Førdehuset

### **5. Andre saker**

Komite møte for søknad til sparebankstiftinga Leon, Kirsten, Gerd og Åsmund tysdag 19. juli kl. 18.00 på Sakralrommet, Førdehuset

Førde 24.06.22

Johan Bengtsson, sekretær